

Kyrkje-

helsing

Kyrkjelydsblad for Osterøy

Nr. 3, mai-juni 2003

Konfirmantar i Hosanger

1. rad frå v. Ulrikke Hagebø, Guri Tysse Hanstvedt, Brigt Sigve Skeie, Aina Mjøs. 2. rad frå v. Silje Thomassen, Kristina Stokken, Hans Kristian Birkeland, Stian Rosnes, Thomas Tveiten Lewis, Ida Hole, Marte Gjerstad, Marius Hopsdal Gjerstad. 3. rad frå v. Sindre Rongved Hansen, Øyvind Tysse, Petter Ahmer Pedersen, Marius Bernes Hanstvedt, Kim Andre Balestrand, Tommy Gjerde Birkeland, Freddy Sleire Carlsen

Foto: Rune Solberg





Sumaren er her på ny

Me er alt komne i juni. Etter ein uvanleg varm og fin april hev mai vore meir lunefull. Av og til kjølige dagar med regn. No heiter det frå gamalt at ”mai kulde gjer bondens ”lader” fulle”. Så me får vona at kulde og nedbør i mai kan verka inn både på avlingar og straumprisar.

Sjølv om eg no berre er ein liten hobby-småbrukar (og pensjonert klokkar) hev eg framleis mykje å fylla tida med. Det kan vera vedlikehaldsarbeid, på eit småbruk er mange hus og mykje gjerde. Eller det kan vera planting og stell av blomar og buskar, og dette er arbeid eg trivst svært godt med. Slåtten ser og ut til å koma tidleg denne sumaren. Og fjellturar lokkar.

Å vandra på gamle stiar opp mot høgdedrag og fritt utsyn, der ein kan kvila kroppen etter bratte stigningar og finna ro i sjel og sinn.

Tankane vert liksom friare der oppe i den reine fjelluften. Eg hev før fortalt at far tok meg med til fjells og lærde meg å verta glad i natura.

Og når me kvila på ein utsiktstopp kunne han syngja Johannes Barstad sin salme :” Eg ser deg Gud i kvar den blom som tirer”. Ein salme eg vert meir og meir glad i, og som seier så mykje.

I dette nr. finn du andakt ved Magne Bjørndal. Øyvind Vevle hev intervjua

Dåp

I ferietida kan det avtalast dåp dei sundagane det er gudstenester i kyrkjene (unntek 10. august). Seinare høver det med dåp desse sundagane:
Bruvik 24/8, Hamre 14/9, Haus 31/8, Gjerstad 7/9, Hosanger 21/9.

norskamerikanaren Kåre Mæle. Einar J. Selvik fortel om sjømannskyrkja frå den tida han reiste ute i handelsflåten. Du kan lesa om søndagsskuleavslutning på Raknestunet og om dåpsopplæring for 6 åringane i Bruvik og Haus. Me hev med konfirmantbileta frå kyrkjelydane våre, familiennytt og preikelista. Og me vil at lesarane våre skal skriva til oss om salmar dei likar godt.

Me ynskjer lesarane ein god summar

Det Norske Misjonsselskap
Vestre muralmenning 15
5011 Bergen
Tlf. 55 31 00 61

Sommerens leire:

Allæra:

Leirtid: 27-30. juni
Alderssteg: 5-7. klasse
Bestilles innen 18. juni
Pris kr. 550,-

Kvamssæter:

Leirtid: 24-27. juni
Alderssteg: 2-5. klasse
Bestilles innen 16. juni
Pris kr. 500,-

Leirtid: 3-6. juli

Alderssteg:
Besteforeldre, barnebarn
Bestilles innen 23. juni
Pris barn kr. 450,-
Pris voksne kr. 750,-

Den same

Vi lever i ei tid med store endringar. I stendig raskare takt, synest det som, opplever vi tekniske nyvinningar, omorganisering, omlegging. Når så mykje skifter, kan vi verta utrygge og rotlause. Det vert viktig for oss at i allfall noko står fast og er seg sjølv likt.

Eit slikt fast punkt, eit ankerfeste, har eg funne i eit vers frå Hebrearbrevet:

"Jesus Kristus er i går og i dag den same, ja til evig tid." (13,8)

Verset er viktig for meg ut frå innhaldet sitt. Men i tillegg tyder det noko heilt særskilt fordi det var eitt av dei bibelversa som "tante" Ågot lærde småguten som vaks opp på Litun. Ho, og kristentrua hennar, var nok med på å forma meg meir enn eg er klar over.

Men det var altså innhaldet, dette at det meste rundt oss er i endring, men det viktigaste står likevel fast.

Jesus er den same som han var i går. Den same omsorgen for dei sjuke og lidande i dag, som den gongen han vandra omkring i Gallilea. Den same emna til å reisa menneske opp og gje dei ein ny start. På krossen var han i vår fortid, så den ikkje lenger stengjer vegen vår til Gud.

Påskemorgon var han i vår framtid, så vi ikkje treng å gå i uvisse om det viktigaste: det evige livet. Han viste at han er "Herre over dødens makt". Det vonde kan nok råka oss, ingen har nokon garanti mot ulukker og øydeleggjring. Men den som legg livet sitt i Herrens hender vert spart for det vondaste: ei æve skild frå Gud.

Med ei oppgjort fortid og ei sikker von for framtida, kan vi leva dagen i dag. Når Jesus har vore både i fortida og i framtida vår, så kan vi samla oss om denne dagen. I dag kan vi gå medmenneska våre rakrygga i møte. Dagen i dag kan vi nyitta til å omslutta andre med noko av den varme og omsorg vi møter hjå Jesus. I dag er han den same - den same som han var i går, og som han kjem til å vera til evig tid.

Magne Bjørndal

Fasteaksjonen

Vi vil få takka alle som har vore med på Fasteaksjonen!

Resultatet frå årets innsamling vart:

Bruvik	kr. 6.350,-
Haus	kr. 12.675,-
Gjerstad	kr. 20.629,-
Hosanger skulegudsteneste	kr. 8.080,00
Hamre skule	kr. 1.896,50
Hjellvik skule	kr. 2.572,50
Bøsser Hosanger/Hamre	kr. 1.334,50

OSTERØY PRESTEGJELD TILSETTE/ RÅD OG UTVAL

Kyrkjekontoret v/Rådhuset

Opningstider:

Sumar: Man-Fre: 08.00.-15.00.

Vinter: Man-Fre: 08.00.-15.30.

(Måndag er fridag for prestar
og organistar.)

Tlf. 56 19 22 80

Fax. 56 19 22 81

Direkte innval:

Sekretær	56 19 22 71
Mikal Toska	56 19 22 72
Johannes Melve	56 19 22 82
Brigt S. Skeie	56 19 22 83
Liv Skoglund	56 19 22 84
Kåre Rivenes	56 19 22 85

Prestane:

Sokneprest Johannes Melve

Priv. tlf. 56 39 00 11, Haus

Kapellan Brigt S. Skeie

Priv. tlf. 56 39 31 00, Hosanger

Kyrkjemusikk:

Kantor Kåre Rivenes

Priv. tlf. 56 39 06 26

Organist Liv Skoglund

Priv. tlf. 56 39 26 64

Kyrkjeleg fellesråd:

Leiar: Norvald Vedå

Nestleiar: Agnar Vevle

Otto Mo

Einar Johnny Selvik

Kjartan Tysse

Johannes Melve

Alf R. Kallestein

Soknerådsleiarar:

Bruvik: Wenche Fiskeseth

Gjerstad: Berit Solberg

Hamre: Inge Arve Birkeland

Haus: Einar J. Selvik

Hosanger: Gyda Tveiten Lewis

Kyrkjehelsing redaksjonsnemnd:

Redaktør Olav Meltvik

Tlf. 56 39 52 27

Fax «

Johannes Melve

Elna Mjelstad

Øyvind Vevle

Utforming:

Ostringen Reklame

Ein norsk-amerikanar vitjar gamlelandet

v/Øyvind Vevle

Som odelsgut på ein gard, og i tillegg son til ein bussjåfør, skulle livslaupet vore lagd for Kåre Mæle. Og når interessa for å køyra buss var stor i ungdommen, skulle ein tru at han ville slått seg ned på Mæle og gått i faren, Rasmus, sine fotspor. Men det vart heilt annleis. Morsystera og mannen hennar var farmarfolk i North-Dakota, USA, og dei hadde ikkje born. I 1946 pakta dei farmen bort og kom heim til Noreg. Dei ville slå seg til her. Men det gjekk med dei som det stundom kan gå med folk som har brote opp frå heimstaden og slått røter ein heilt

annan stad, og så prøver å venda tilbake dit dei kom frå. Dei finn ikkje att det som dei hadde reist frå. Og farmarlivet i North-Dakota hadde eit sterkt tak i dei. Onkelen og tanta sette kursen over Atlanteren endå ein gong, og då vart Kåre med. Dei tok opp att farminga, skaffa seg maskinpark og kyr på nytt, og Kåre arbeidde på farmen hjå dei. Han likte arbeidet, men ikkje mjølkekyrne. Kyr hadde han vorte lut lei av heime.

I 1957 gjekk onkelen over i pensjonistane sine rekkjer, og då overtok Kåre, og han dreiv farmen

saman med kona si Kari frå Roaldkvam i Suldal like til han var 70 år. Han har drive mest med korn og kveg til kjøtproduksjon. Dei hadde eit par mjølkekryr ei stund "til hus bruk". For 6 år sidan la han opp og har no selt ut maskinpark og dyr, og han leigar ut farmen.

I april/mai var ekteparet Kari og Kåre Mæle ein tur til Noreg og budde hjå dottera, Anne Vikne, på Bruvik. Der inne fekk me ein prat med far og dotter.

-Det var ikkje så vanskeleg å omstilla seg frå eit lite norsk bygdesamfunn til farmarliv på prærien i North-Dakota. Eg gjekk på framhaldsskule i krigsåra etter folkeskulen. Læraren vår var Lars Ådna. Han lærte oss engelsk. Det var ein god skule, og eg lærte mykje der.

På spørsmål om livet i USA er hardt, og at berre dei sterke "overlever", svarar Kåre slik: -For nykomarane i 1880-åra var livet hardt. Det var ingen sosiale ordningar. Dei som ikkje greidde å hjelpe seg sjølv, bukka under. Men dei tilhøva kan ikkje samanliknast med slik det er no. Amerika i dag er ikkje så gale. Og så kan me tenkja på at Amerika har hjelpt mange andre land i vanskelege situasjoner, t.d. Europa under og etter den andre verdskrigen. Mange amerikanarar tykkjer at resten av verda burde greia seg meir sjølv, utan amerikansk hjelp.

Til den nyleg avslutta krigen i Irak, seier han: -Eg stemte ikkje på Bush, som norskætling er eg meir liberal, men noko måtte gjerast med Saddam Hussein.



Kari og Kåre Mæle i gamlelandet.

Anne har flytta motsett veg som faren. Ho kom frå prærien i USA til ein stad som er alt anna enn prærie med Brøknipa kneisande over hovudet. Korleis opplevde ho det?

-Me budde nær byen Minot med mange tilbod, så det var nok ein overgang. Her var det ferje å ta omsyn til når me skulle til byen. Det har vorte betre etter at bruva kom. Nordmenn har ein "kaldare" haldning overfor framande enn det som er vanleg i Amerika. Der borte pratar folk gjerne med framande som dei møter for første gong. Her er folk meir reserverte.

For ein som har opplevd amerikansk gjestevenskap på sitt beste (og kjenner norsk stivheit på sitt verste), må ein, litt flau på nordmenns vegne, gje ho rett.

Me dreiar samtalene inn på kyrkjelege spørsmål. Og på det omkvervet møter me i Kåre ein engasjert medlem av Evangelical Lutheran Church of Amerika (ELCA). Opphavleg var dette ei kyrkje for norsk-amerikanarar, men seinare har og svensk-amerikanarar gått inn i ho. Etterkomrarar av dei norske haugianarane er ikkje med i denne kyrkja, men har skipa si eiga som er meir konservativ enn ELCA. Det er i det heile teke eit mangfald av kyrkjer og kyrkjessamfunn, og på somme av dei er det små skilnader i kristendomssyn. I ein liten by som Minot på 25000 ibuarar, var det for ei tid sidan 21 kyrkjer. No er det truleg fleire. Der er altså færre ibuarar pr. kyrkje enn på Osterøy. Men ansvaret for kyrkja og oppslutnaden om ho er mykje større der borte enn her.

-Alle kyrkjer må greia seg sjølv med administrasjon og økonomi. Det er eit heilt konsekvent skilje mellom kyrkje og stat. Staten blandar seg ikkje på nokon måte inn i kyrkja sine saker. Kyrkja sin økonomi er basert på frivillige gåver. Den einaste (indirekte) stønaden staten gjev, er at gåver til kyrkja m.m. saman med pensjonsordningar og sjuketrygd inn til ein viss prosent av innkoma, kan trekkaast frå på sjølvmeldinga. Men økonomien har gått bra så langt, seier Kåre som er rekneskapsførar i den lokale kyrkja. -Og pengane skal strekkja til presteløn, vedlikehald av

bygningar, stønad til synoden og til misjonsarbeid. ELCA har misjonærar i mange land over store deler av verda.

-Er det nokon offentleg debatt om teologiske og etiske spørsmål i kyrkja, t.d. homofili og sambuarskap?

-Nei, svarar Kåre, ikkje offentleg. Prestane tek opp ulike spørsmål i forkynninga. Alle er syndarar. På presteseminara vert det vel debattert ulike spørsmål, men ein tek ikkje opp til debatt spørsmål som det er usemje om i ei frikyrkje, for då kunne medlemer vera borte.

Me prøver på ei samanlikning mellom kyrkja i Noreg og kyrkja slik dei kjenner ho i USA. Det er store skilnader når det gjeld samværformer og engasjement. I deira kyrkje er avstanden mellom prekestolen og kyrkjelyden liten. Presten kan gjerne ta seg ein tur ned i midtgongen under preika og koma i samtale med folk. Det er sundagsskule kvar sundag utanom nokre feriedagar. Og borna kjem inn i kyrkja når gudstenesta byrjar, og presten talar gjerne litt

særskilt til dei før han held preika for dei vaksne. Det Anne saknar mest, utanom familie og vene, er nettopp kyrkja med den varmen som folk møter kvarandre med der borte. Alle er vene og pratar med kvarandre. Medlemene har ei god kjensle av at kyrkja er "vår". Når folk kjem til kyrkje, hengjer dei jakkene frå seg før dei går inn og set seg ned. Deira kyrkje har meir likskap med ein heim enn det me er vane med her hjå oss. Det er kanskje difor nordmenn som har besøkt dei i USA og vore med til kyrkje der, har sagt etter ei gudsteneste: -Visst kyrkja hadde vore slik i Noreg, ville me og ha gått til kyrkje.

Litt av kvart å tenkja over for oss som har vår gange i vår norske statskyrkje....

Beste kontakten med gamlelandet har Kåre Mæle med dottera Anne som gifta seg og no er busett i Bruvik.





Velkommen til kyrkja

22.juni 2.sundag etter pinse. Luk.16,19-31.

- Hamre kl.11.00. Høgmesse. Skeie. Dåp. Nattverd. Takkoffer til Kristen idrettskontakt (KRIK)
- Vassdal skule kl.11.00. Gudsteneste . Melve. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Kyrkjekaffi.

29.juni 3.sundag etter pinse. Luk.14,16-24.

- Gjerstad kl.11.00. Høgmesse. Skeie. Nattverd. Takkoffer til "Children at Risk".

6.juli 4.sundag etter pinse. Luk.15,1-10.

- Haus kl.11.00. Høgmesse. Skeie. Takkoffer til Institutt for sjælesorg.
- Hosanger kl.19.00. Gudsteneste . Skeie. Nattverd. Takkoffer til AAN – Alternativ til abort i Noreg.

13.juli 5.sundag etter pinse. Rom.14,7-13.

- Hamre kl.11.00. Høgmesse. Skeie. Nattverd. Takkoffer

20.juli - 6.s. etter pinse.(Ap.dagen). Luk.5,1-11

- Gjerstad kl.11.00. Høgmesse. Skeie. Nattverd. Takkoffer til KABB – Kristent arbeid blant blinde
- Bruvik kl.19.00. Kveldsgudsteneste. Skeie. Nattverd. Takkoffer til KABB .

27.juli - 7.sundag etter pinse. Matt.5,20-24.

- Hosanger kl. 11.00 Høgmesse. Melve. Nattverd. Takkoffer til Sjømannsmisjonen.
- Geitnipa kl.15.00 Friluftsgudsteneste. Melve.

29.juli Olsok. Luk.22,24-27.

- Gjerstad kl.19.30. Olsokgudsteneste. Melve.

3.augus t- 8.sundag etter pinse. Mark.8,1-9.

- Haus kl.11.00. Høgmesse. Melve. Nattverd. Takkoffer til Norsk lærarakademi, NLA.

10.august - 9.sundag etter pinse. Ap.gj.20,24-32.

- Hamre kl.11.00. Gudsteneste. Alf R. Kallestein. Takkoffer

17.august - 10.sundag etter pinse. Matt.25,14-30.

- Gjerstad kl.11.00. Høgmesse. Nattverd. Eldredag. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

24.august - 11.sundag etter pinse. Luk.19,41-48.

Hosanger kl.11.00.

Høgmesse. Skeie. Takkoffer til Norsk sundags-skuleforbund. Kyrkjekaffi.

Bruvik kl.11.00.

Familiegudsteneste. Melve Utdeling til 6.åringane. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

31.august - 12.sundag etter pinse. Luk.18,9-14.

Hamre kl.11.00.

Høgmesse. Skeie. 50års konfirmantane. Takkoffer

Haus kl.19.00.

Kveldsgudsteneste. Melve. Presentasjon av konfirmantane. Takkoffer til Kirkens bymisjon

7.september - 13.sun. etter pinse. Jes.29,17-19.

Gjerstad kl.11.00.

Familiegudsteneste. Melve. Utdeling av Kyrkjebok til fireåringane. Takkoffer til Institutt for kristen oppseding, IKO.

Hosanger kl.11.00.

Høgmesse. Skeie. Nattverd. 50års konfirmantar. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Gjerstad kl.19.00.

Lovsongskveld.

14.sept. - 14.sundag etter pinse. Luk.10,25-37

Hamre kl.11.00.

Høgmesse. Skeie. Presentasjon av konfirmantane. Takkoffer

Bruvik kl.11.00.

Høgmesse. Melve. Presentasjon av konfirmantane. Takkoffer til Noregs kristelige student – og skuleungdomslag, NKSS.

Gjerstad kl.19.00.

Kveldsgudsteneste. Presentasjon av konfirmantane. Takkoffer til NKSS.

21.sept. - 15.sundag etter pinse. Luk.17,11-19

Hosanger kl.11.00.

Høgmesse. Skeie. Presentasjon av konfirmantane. Takkoffer til Familie og medier.

28.sept. - 16.sundag etter pinse. Matt.6,24-34

Haus kl.11.00.

Høgmesse. Melve. Nattverd. 50års konfirmantar. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

5.okt. - 17.sundag etter pinse. Joh.11,17-24 .37-44

Hamre kl.11.00.

Familiegudsteneste. Skeie. Utdeling av bok til fireåringane.

Soknepresten har ordet

Sundagsfolk

For mange år sidan var det populær ”låt”, som det heiter i våre dagar, som hadde namnet Sunday People – og på norsk vert det Sundagsfolk. Eg hugsar ikkje kva songen handla om, men eg hugsar tittelen. For ordet Sundagsfolk har festa seg i meg sidan. Eg skulle ynskja at fleire vart Sundagsfolk! Ikkje slik at dei berre var kristne sundagen. Matias Orheim skreiv: Kvardagskristen vil eg vera, og eg ynskjer å vera heilt på line med han. I kristendomen er det ikkje råd å vera kristen berre sundagen. Kristendom kjem fram i det livet me lever, og i livet er det flest kvardagar. Det er altså ikkje råd å vera kristen sundagen, og leva som om Gud ikkje finst dei dagane. Nei, Sundagskristen = Kvardagskristen.

Likevel er det noko spesielt med sundagen. Sundagen har Gud gjeve oss for at me skal ha ein dag som er ulik dei andre dagane. Det er ikkje syndigare å arbeida på sundagen enn å liggja på sofaen og dra seg heile dagen. I det tredje bodet står det om å halda kviledagen heilag. Den som berre

kviler har like lite oppfylt bodet som den som arbeider heile dagen. Poenget er å halda kviledagen heilag! Og heilag er det som er utsiktig frå verda og innvia til Gud. Sundagen er dagen då me kan samlast for å tilbe Gud! Sundagen er ikkje berre ein kviledag. Ein heilagdag er meiningsa med sundagen.

Sundagsfolk er dei som har oppdaga dette at meiningsa med sundagen er at me har fått ein dag som er annleis enn dei andre dagane, ein dag då Gud fornyar sitt skaparverk og gjev oss nye krefter. Å samlast i Herrens namn, bland Herrens folk, i Herrens hus, ved Herrens bord er ikkje berre eit fromt ynskje, det er normalt for den som vil leva som ein kristen. Eg veit om mange ”unormale” tilstandar. Ein kristen kan til tider leva utan samfunn med andre kristne, men eg vil seia at det normale for ein kristen er å leva i lag med andre kristne. Det normale er å vera Sundagsfolk!

God sommar!

J.M.


Kyrkjesskyss
til Hosanger
frå Tysse,
ring
Olav Meltvik,
tlf. 56 39 52 27.

Kyrkjesskyss til Haus kyrkje

Desse personane kan
kontaktast pr. telefon:
Berit Torp 56 39 03 59
Einar Johnny Selvik
98 06 48 54
Sigrid Mjelde
56 39 01 04

Kyrkjesskyss til Bruvik

Ring Wenche Fiskeseth
tlf. 56 39 18 21
Otto Mo tlf. 56 39 19 42



KYRKJESSKYSS TIL GJERSTAD

For dei som ynskjer å koma til kyrkje, men har problem med skyss, er det mogleg å ringja til ein av desse:

Agnar Vevle, tlf. 56 39 43 53
Rune Revheim, tlf. 56 39 21 04

Ver ikkje redde for å ta kontakt. Me ynskjer at folk kjem til kyrkje, og tykjer det er leitt at skyssen skal vera eit hinder. Om ikkje dei oppsette personane køyrrer sjølv, får dei andre til å gjera det.




Konfirmantar i Bruvik: 1. rad frå v. Børge Ryland, Johannes Melve. 2. rad frå v. June Olsnes, Hanne Bruvik Ellingsen, Elise Kristine Vikne, Camilla Lohne, Daniel Hellesnes Bjørgo, Hilde Seilen. Foto: Rune Solberg



Konfirmantar i Gjerstad: 1. rad frå v. Linda Beate Rinde, Kim Lohne, Johannes Melve, Børge Ryland, Lene Bjørndal Midttun. 2. rad frå v. Linn Hjelmås, Linn-Therese Hestenes Vedå, Silje Midtbø Vevle, Kristina Marie Borge, Isabelle Abedissen Låstad, Karina Tønjum, Anine Karen Vevle, Cecilie Gjerstad. 3. rad frå v.. Lene Myking, Sondre Vedå, Trond Sæterstøl, Endre Magne Nygård Lidtun, Kristoffer Øksnes, Helge Mæstad, Maren Lampe. 4. rad frå v. Kjetil Langeland Tysse, Daniel Løtveit Lone, Kom André Kårdal, Thomas Alexander Kalleklev Birkaas, Morten Langeland Tysse, Magne Stordal. Foto: Rune Solberg



Konfirmantar i Hamre 11. mai: 1. rad frå v. Kathrine Fosse, Brigt Sigve Skeie, Hege Tøsse Vestheim. 2. rad frå v. Trine Haugland, Lene Angelskår, Linn Alka Mostrøm, Tori Husum, 3. rad frå v. Joachim Slettebakken, Grete Borgan Bernes, Solbjørg Fosse, Lene Hosøy, Idar Birkeland. 4. rad frå v. Kristian Birkeland, Ørjan Gundersen Hjelmeland, Ole Harald Bleikli, Svein Harald Birkeland. Foto: Rune Solberg



Konfirmantar i Hamre 4. mai: 1. rad frå v. Synne Klokkeide Birkeland, Brigt Sigve Skeie, Eili Reigstad. 2. rad frå v. Cecilie Hopsdal Søgnesand, Hilde Revheim, Malin Tufta, Monica Kvamme Fauskanger, Anette Eliassen Håland, Iselin Helland Rundhovde. 3. rad frå v. Heidiun Reigstad, Susanne Hagen Tveiten, Hege Hopland, Maria Sandal, Lisa Smith. 4. rad frå v. Sindre Raknes, Vegard Skår, Jonas Hauge, Kristoffer Birkaas, Daniel Vicente Windt, Line Strømsnes Vik. Foto: Rune Solberg



Konfirmantane frå Haus: 1. rekkje frå venstre: Marita Rolland, Marie Bøe Myking, Hilde Sofie Rosnes, sokneprest Melve, Solfrid Mjelde, Lene Hole Didriksen og Kate Marie Hauge Heimvik. 2. rekkje frå venstre: Grethe Linn Hansen, Heidi Irene Pedersen, Martin Aasheim, Kent Ove Mjelde, Kristina Åsheim og Hilde Seilen. 3. rekkje frå venstre: Christoffer Mo Vatle, Tor Erik Hernar Cindahl, Tor-Erik Midtun, Georg Aasheim, Jørn Torp og Stian Stokke. Foto: Flatebø.

Ny serie

Me er no ferdige med presentasjonen av bedehusa på Osterøy. I redaksjonen kom det framlegg om å starta ein ny serie som kan heita *Min salme*.

Nå bed me lesarane skriva til oss kva som er deira kjæraste salme. Gjerne nokre ord om kvifor de likar godt denne salmen. Svara kan de senda til Olav Meltvik, 5284 Tyssebotnen.

Bladpengar

Redaksjonen takkar alle som sende bladpengar og gaver på giroen som låg i julenr. av Kyrkjehelsing. For dei det ikkje høvde for å betala då legg me ved ein ny giro i dette nr.

Vi er døypte til å vera

Vi er døypte til å vera
Kristi vitne her på jord
og i alt vårt liv å gjera
Herrens gjerning mot vår bror.

Vi er døypte til å vandre
som Guds folk i all vår ferd
og å elske varmt kvarandre
i ei vond og hatig verd.

Vi er døypte til å breie
solskin om oss kvar ein dag
og i livsens kulde spreie
Jesu eige hjartelag.

Vi er døypte til stride
i Guds kraft den gode strid
og med kjærleiks samhug lide
heilt til hatet er forbi.

Hjelp oss, Gud, å fylgje kallet
og dei bod du gav til oss;
i skal elske alle, alle.
Gi oss kraft frå Kristi kross !

Øystein Hovden.



**Fjon Fjellkyrkje og
Ungdomssenter,
5984 Matredal**

www.fjonfjellkyrkje.com

Olsok-feiring

i Fjon Fjellkyrkje
tirsdag 29. juli
kl. 19.00

- GUDSTENESTE
v/Ingvar Fykse
- RØMMEGRAUT / KAFFI
(kr. 50,- pr. person)
- ENKELT PROGRAM
- LYNUTLODNING
- BÅLBRENNING

Velkomen til eit sosialt
samvær.

Vel møtt - liten og stor.

Arr: Styret for Fjon Fjellkyrkje
og Mo sokneråd

Presentasjon av konfirmantane

Dei nye konfirmantane vert presenterte
for kyrkjelydane slik:

Haus kl.19.00.31/8, Bruvik 14/9 kl.11.00.
Gjerstad 14/9 kl.19.00, Hamre kl.11.00 14/9
og Hosanger kl.11. 21/9.

Familie-nytt



Bruvik

Gravlagde:

- 26.03. Mandius Arne Langhelle (f. 1927)
- 28.03. Hjørdis Boge (bisett i Bergen) (f. 1914)
- 24.04. Inger Marie Hjelvik (f. 1928)
- 06.05. Solveig Stavenes (f. 1921)

Haus

Døypte:

- 20.04. Nora Riple Fanebust
- Gravlagde:
- 08.05. Oddbjørn Rolland (f. 1966)
- 03.06. Lars A. Rolland (f. 1924)

Gjerstad

Døypte:

- 13.04. Stian Lørdal Vivås
- 13.04. Vilde Vevle Lone
- 13.04. Mailen Simmenes Fotland (Døypt i Hamre)
- 20.04. Jørgen Norløff Solberg
- 20.04. Malene Daltveit Devik
- Gravlagde:
- 16.05. Alf Monrad Myking (f. 1924)
- 04.06. Jofred Lone (f. 1925)

Bisette:

07.05. Oskar Øksnes
(f. 1940)

Hamre

Døypte:

- 13.04. Elisabeth Valvik Birkeland
- 13.04. Hanna Skage Grinde
- 13.04. Mina Kallekleiv
- 01.06. Sanna Konstanse Thunestveit Johannessen

Vigde:

24.05. Hilde Iversflaten og Nils Magne Lunde

Gravlagde:

- 25.04. Bjarne Hjellvik (f. 1927)
- 09.05. Marta Mjelde (f. 1915)
- 30.05. Helga Valestrand (f. 1914)

Hosanger

Døypte:

21.04. Silje Mari Loftås

Vigde:

- 25.05. Nicole Rae Myers og Patrick Joseph Murphy

31.05. Monika Haugland og Arne Gaute Røsland

Gravlagde:

- 23.04. Gudrun Hagen (f. 1909)

50års konfirmantar


I haust skal 50 års konfirmantane møtast slik:

Hamre 31/8 kl.11.

Hosanger 7/9 kl.11.

Gjerstad 19/10 kl.11.00.

Haus 28/9 kl.11



MINNER FRA "KJERKA".
NÅR VI SIER ORDET "KJERKA", VIL
ALLE SJØFOLK SMILE OG NIKKE
GJENKJENNENDE. DET KAN
BARE BETY DEN NORSKE
SJØMANNSKIRKEN. DEN HAR I
OVER 100 ÅR VERT ET ANKER-
FESTE OG FAST HOLDEPUNKT
FOR TUSENER AV NORSKE SJØ-
FOLK.

JEG BEGYNT SELV Å SEILE I
1956, OG SLUTTET I 1978.
IDAG ER KUN MINNENE TILBAKE.
ETTER MANGE HUNDRE BESØK PÅ
DE FORSKJELIGE KIRKENE, ER
OPPLEVELSENE MANGE. DE FLESTE
ER GLEMT, MEN NOEN HAR BRENT
SEG FAST I MINNET.
I "KIRKEJEHËLSING" FRAMOVER
VIL JEG DELE NOEN AV DEM
MED LÆSERNE.

EINAR J. SELVIK

JULEKVELD I BALTIMORE

JEG KAN IKKE HUSKE ÅRSTALLET, MEN JEG TROR
DET VAR JULEN 1970. JEG VAR, SIDEN HØSTEN
1967, PÅ MØNSTRETT /⁵ "BAUTA" AV OSLO, SOM "GNIST"
ELLER RADIO-OFFISER. VI HADDE HELE TIDEN
GÅTT I FART MELLOM JAMAICA OG MISSISSIPPI-
ELVEN MED BAUXITT. PLUTSELIG, HØSTEN 1970
FIKK VI ØRBRE OM 2 TURER FRA VENEZUELA
TIL BALTIMORE MED JERNMALM. VI 13 NORD-
MENNENE OMBORD GLEDDET OSS VIL TIL EN
AWKSLING. IKKE MINST Å FÅ KOMMET TIL
KJØLGERE TRAKTER.

LILLE JULAFTEN OM KVELDEN LA VI TILVED
BETLEHEM STEEL I BALTIMORE. (BARE NAVNET
PÅ Plassen GÅ OSS JULESTEMNING). PÅ KAIEN
STO ASSISTENTEN FRA KJERKA MED FERSK
NORSKE AVISER OG ANNEN NYTT.
FOR EN GANGS SKYLD VAR VI ENESTE NORSKE
SKIP I BALTIMORE DENNE JULA. PÅ KJERKA
VAR DET OG STILLE. BARE ASSISTENTEN OG
KONA HANS, SOM VAR HUSMOR PÅ KJERKA
VAR TILBAKE. RESTEN AV STABEN VAR I NORGE
PÅ FERIE.

VI BLE SELVFØLGELIG INVITERT TIL Å FEIRE
JULEKVELDEN PÅ KJERKA. VI VISSTE AT ASSI-
STENTEN OG KONA HADDE ADOPTERTEN LITEN
JENTEN FRA KOREA. HUN KUNNE VEL VÆRE
5-6 ÅR, SA SAMTLIGE AV OSS, HVER FOR SEG,
FANT UT AT I TILLEGGL AV GAVER TIL HVER
ANDRE, BURDE DEN LILLE FÅ EN GAVE.

ETTER Å HA SATT TIL LIVS EN MORSK
TRADISJONELL JULEMIDDAG MED PINNE-
KJØTT, TOK VI MED OSS GAVER ETC. OG
DRO OPP TIL KJERKA.

DET BLE EN MINNERIK, STILLE OG TANKE-
VEKKENDE JULEFEIRING.

DEN LILLE JENTA FIKK SITT LIVS JUL,
I ALLE FALL NÅR DET GJALT GAVER, OG VI
GARVETE SJØULKER HAR VEL ALDRIT FÅTT
SÅ MANGE SUSSER OG KLEMMER FRA EN
TAKKNEMLIG OG GLAD BARNEMUNN. DEN
LILLE SOVNEN DMSIDER, ETTER AT VI FOR
FØRSTE GANG PÅ MANGE ÅR HADDE FATT
GÅ RUNDI JULETRÆT OG SYNGE DEKJENTEN
OG KJÆRE JULESANGENE VÅRE.

RUNDT MIDNATT BLE VI INVITERT PÅ BIL-
TUR RUNDT I BALTIMORES FORSTEDER FOR
Å SE HVORDAN AMERIKANERNE PYNTET TIL
JUL. TUREN BLE UFORGLEMMELIG.
DA VI KOM UT, HADDE DET BEGYNT Å SNØ.
INGenting er så stille som en jule-
natt. Snøen falt lydlost til jorden
og ingen andre, hverken biler eller
mennesker var å se eller høre.
Skulle tro vi var de siste gjenværende
mennesken på jorden.

I ALLE HAGER VI PASSENTE VAR DER SATT OPP
STALLER MED KRYBBÉ MED MARIA, JOSEF OG
JESUSBARNET I NESTEN FULL STØRNELSE.
NOEN HAGER HADDE HYRDENE PÅ MARKEN
MED SAULENE SIN SAMT ENGLER. ALT
VAR DISKRET BELYST MED LYS I MANGE
FARGER. INGEN AV OSS I KIRKEBussen
TORDE SI ET ORD FOR IKKE Å BRYTE DEN
MAGISKE STEMNINGEN.

SELVOM VI NOK ALLE SAVNET VÅRE
KJÆRE DEN INNEMME, VAR DENNE JULE-
KVELDEN EN RIK OPPLEVELSE. INGEN
AV OSS VILLE HA VÆRT FORUTEN.
MITT HÅP ER EN GANG Å FÅ TREFFE "KINKE-
FAMILIEN" IGJEN. IKKE MINST JENTA SOM
NO ER VOKSEN.

Dåpsopplæring for 6 åringer

Eit prøveprosjekt for 6 åringene i Bruvik og Haus.

Vi vil ta i bruk eit nytt materiell som heilt og fullt er retta inn mot 6 årsfasen.

Utgangspunktet for undervisninga er boka "Tre i eit tre" som er utarbeidd av kateket Runar Bang. Det er ei levande og glad kvardagsfortelling om Erlend, Stian og Tuva. Vi blir med i det hemmelege treet når dei finn kamelspor i snøen og når dei spionerer på Gamle-Hans. Boka har med bibelforteljingar knytta til borna sin kvardag. Det lagt vekt på formidling gjennom humor og målet med boka er at borna skal lære at Gud er glad i dei akkurat som dei er.

Vi vil starte opp i begynninga av september. Fast møtestad vert kyrkjelydshuset i Haus. Det er lagt opp til 7 samlingar i løpet av skuleåret. I tillegg vert det 1-2

familiegudstenester. Kvar deltagar vil få utdelt boka "Tre i eit tre" når dåpsskulen for 6 åringer vert avslutta til våren.

**Alle 6 åringene m/foreldre i Bruvik og Haus vil bli kontakta.
Vi ser fram til å møte dykk til hausten.**

Dersom nokon ynskjer meir

informasjon eller har spørsmål/synspunkter må ein gjerne ta kontakt med Madli Hannisdal tlf. 56394321 eller Marit Skjeldal tlf 56390051.

Venleg helsing

Soknerråda i Bruvik og Haus v/ dåpsopplæringsutvala.



VERDEN FOR KRISTUS

Sommarleiarar i Sætervika

TYPE	DATO	ALDER	PRIS
1. Ferieleir	23-27. juni	9-12 år	kr. 625,-
2. Leir	27-30 juni	8-10 år	kr. 500,-
3. Aktivitetsleir	28.7.-1. aug.	12-14 år	kr. 710,-
4. Generasjonsleir	1-3. august		kr. 450,-/350,-/250,-
5. Ferieleir	4-8. august	10-14 år	kr. 660,-
6. Leir	15-17. aug.	7-10 år	kr. 375,-

Kano - Båt - Badeliv - Tarzanløype - Trampoline
- Slengtau - Natursti - Ballspel - Spel - Leikar

Sætervika Ungdomssenter ligg fint til ved Samnangerfjorden.
Kvar dag på leir får vi høyra om Jesus og Misjonsarbeidet.

Påmelding / Nærare opplysningar:
Norsk Lutherisk Misjonssamband
Sydneskleiven 22, 5010 Bergen
Tlf. 55 90 48 00 - Fax: 55 90 48 10
E-post: post@bergen.nlm.no

Søndagsskuleavslutning på Raknestunet

Søndag 25. mai var det folksamt på Raknestunet, som så ofte før. Møtesalen var full av søndagsskuleborn og foreldre til felles avslutning med familiegudsteneste kl. 11.00. Det var og kjekt at mange bygdafolk

var så bra at dei som ville, kunne sitja ute og nyta medteken niste eller ein kunne kjøpa hot-dog og is. Konkurranse er spanande! Kvar søndagsskule var eitt lag som gjekk rundt frå post til post og løyste oppgåver frå trillebårkjøring med



nytta høvet til å vera med. Teksten for dagen var Daniel i løvehola. Elles fekk vi høyra Hjellvik barnegospel syngja. Frisk og fin song!

Matøkt er både godt og kjekt. Veret

vassbøtte i til identifisering av ymse fiskesortar. Haus- / og Hauge søndagsskule fekk delt 1. plass.

Dagen vart avslutta med ei lita songstund i møtesalen. Avgjort ein fin måte å avslutta eit søndagsskuleår på!



Leiarar på Raknestunet sommaren 2003

Yngres 2: 24-27. 06

Minileir: 28-29. 06

Yngres 3: 30.06-03.07

Yngstes 2: 04-06.07

Yngstes 3: 08-10.07



50-års konfirmantjubileum til hausten

Det vert sjølv sagt konfirmantjubileum til hausten, og i denne samanheng har vi avsett følgjande datoar for dei

ulike sokna såleis:
Hamre: 31. august
Hosanger: 7. september
Haus: 28. september
Gjerstad: 19. oktober.

Kyrkjetenar i Hamre kyrkje

Osterøy Kyrkjeleg fellesråd har ledig stilling som kyrkjetenar i Hamre kyrkje.

Dette er ein 15% deltidsstilling. Løn i høve tariff for kyrkjetenar, kode 5137.

Tiltreding snarast råd.

Klokkar i Hosanger kyrkje

Osterøy Kyrkjeleg fellesråd har ledig stilling som klokkar i Hosanger kyrkje.

Dette er ein 6,5% deltidsstilling.

Løn i høve tariff for klokkar, kode 5139.

Tiltreding snarast råd.

Søknad for både stillingane kan sendast til:
Osterøy Kyrkjeleg fellesråd
5282 LONEVÅG

Tlf.: 56192280.

Kyrkja ho er eit gamalt hus



Kristoffer Foldøy si bok om Hamre kyrkje har vore utseld ei tid, men det er framleis etterspurnad etter ei slik bok, frå turistar og andre.

Istadenfor å trykkja boka oppatt, har Foldøy no laga ein revidert utgåve. Den viktigaste endringa vert at boka vert fagleg oppdatert. Forskarar på fagfeltna arkeologi og kunsthistorie har kome til nokre nye konklusjonar sidan 1995, då førre boka kom ut. Mellom anna er kyrkja blitt eldrei! – no trur me ho kan vere bygd så tidleg som 1585. Det originale antemensalebiletet er blitt 30 år eldre sidan sist bok! – og alterskapet med Maria er blitt 10 år yngre.

Dessutan får nyutgåven av boka fleire og finare bilete.

Takk for landet

Vi takkar deg, Herre, for landet du gav oss,
for heimane våre, for framtid og fred.
Vi takkar for alle dei lysa du tende,
for sola som aldri går ned.

Vi takkar for liljekonvallar og kvitveis,
for engkarseenga med løvetann i.
Vi takkar for livet, for alt det som lever,
for fridom til æveleg tid.

Vi takkar for graset som voggar i vinden,
for regnet som væter og varmar vår jord.
Vi takkar for krossen i flagget vårt, Herre,
for alle som gav oss ditt ord.

Vi takkar for våren sin song over landet,
for grønkledde lier, og snødekte fjell.
Vi takkar for vona som aldri skal visna,
for lys når vår dag går mot kveld.

Vi takkar for borna, for Noreg si framtid,
for unge som går der du viser dei veg.
Vi takkar deg, Herre, for landet du gav oss,
vi takkar og lovprisar deg.

av Haldis Reigstad

